

Møtebok for Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

Saksnummer: OSL/01/24
Innkallingsdato: 16. des 2023
Møtedato: 10.jan 2024
Møtestad: Ålvik kyrkje
Møtetid: 16.30 – 19.00

Medlemer tilstades på møtet: 9
Lisbeth Henriksen
Ida Lindøe
Tor Håkon Berge
Arne Opsahl-Engen
Astrid Helleve Fylkesnes
Magne Kolstad
Vetle Eide Karlsen
Kjell Dysvik
Astrid Lunestad

Varamedlemer tilstades: 1 Jorunn Lillefosse

Meldt forfall: 1 Margunn Mikkelsen Tordal

Andre: Olav Skeie Lid, sekretær

Møteleiar: Astrid Helleve Fylkesnes, nestleiar

Saker som vart drøfta: Sak 1/24 til og med sak 8/24

01/24 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Samrøystes vedtak: Innkalling, sakliste og møtereferat frå møtet 6. desember 2023 vert godkjent. Til å signera møtebok frå møtet 6. desember vert valde: Kjell Dysvik og Lisbeth Henriksen

02/24 Meldingar

Samrøystes vedtak: Dei framlagde meldingar vert tekne til vitande.

- Arbeidet med minnelundar er i gang på to frontar i Kvam: I Øystese er det arkitekt Gøril Kjosås som arbeider med forprosjekt og førebuing til anbodskonkurranse. Skissa og teikningane er godkjende av fellesrådet frå før. Dette prosjektet er av ein storleik som ikkje krev ekstern prosjektleiing, kyrkjeverjen tenkjer at dette kan arkitekt og han styra når det kjem til utlysing av sjølv arbeidet. Fellerrådet vil naturlegvis få val av entreprenør på sitt bord. Finansieringa er i boks, heradet løyvde 2,5 mill til namna minnelund i Øystese i sitt budsjett no i år. Finansiering av forprosjekt er også på plass, her kom det ei ekstraløyving i det justerte budsjettet for 2022 på kr 250 000,- eks mva. Denne summen vert delt mellom Øystese og Norheimsund, med kr 100 000,- til Øystese, og resten til Norheimsund. Sjølv bygginga av namna minnelund i Øystese vil verta utført i løpet av sommaren 2024. Fellesrådet vil verta fortløpande orienterte om prosjektet. Dette er eit pilotprosjekt, og me vil hausta nyttig kunnskap undervegs.
- Arbeidet med minnelund ved Norheimsund kyrkje pågår også i kulissane. Her er det arkitektkontoret Geoplan som både har teikna det godkjende utkastet, og som då naturleg arbeider vidare med forprosjektet. Her er tidshorisonten lengre: kyrkjeverje ser for seg at bygginga av denne minnelunden vil skje sommaren 2025. Føresetnaden er sjølv sagt at heradet løyver midlar til dette i budsjettprosessen hausten 2024. Forprosjektet er finansiert av heradet gjennom ekstraløyving i justert budsjett 2023. Norheimsund kyrkje sin minnelund får størstedelen av midlande til forprosjekt, kr 150 000,- ettersom dette er eit større prosjekt enn i Øystese. Fellesrådet vil naturlegvis verta fortløpande orienterte om også dette prosjektet undervegs i prosessen.
- Kyrkja i Kvam har motteke ei gåve på kr 200 000,- frå ein anonym gjevar. Gåva skal øyremerkjast inventar og utstyr til Øystese kyrkje, i første omgang ny golvløpar.

03/24 Endeleg budsjett 2024

Samrøystes vedtak: Det framlagde budsjettet vert vedteke som det endelege budsjettet for Kvam kyrkjelege fellesråd for 2024.

Budsjettprosessen for fellesrådet er todelt: me sender inn til Kvam herad eit framlegg til budsjett i september, basert på våre prioriteringar og ynskje. Når så budsjettet til Kvam er vedteke i desember, og det er kjent kva fellesrådet vil få av midlar frå Kvam herad, kan ein justera og saldera budsjettet til fellesrådet med dei reelle tal – noko som altså skjer i dag.

Me bad om kr 6 700 000,- frå heradet til vårt driftsbudsjett, og fekk 6 376 000,- Kyrkjeverjen har arbeidt med å tilpassa budsjettet vårt til dette. Det er ingen grunn til å leggja skjul på at dette er vanskeleg – behova er store overalt, ettersom på vedlikehald er betydeleg, og pris-og lønsauken ganske noko større enn den auken på 4,3% som heradet finn rom for i si tildeling.

Budsjettet som ligg på bordet i dag, har 2 store usikre faktorar: pensjon og straum. Her er kalkylar og prognosar lite verd, begge deler er influerte av krig, verdssituasjon, oljepris, renteniva. Heilt klart er det at vår pensjonsordning med tenestepensjon, ikkje er berekraftig over tid. Her må det på sikt koma ein overgang til innskotbasert pensjon – men dette er seige prosessar, sidan alt det offentlege strittar imot.

0		Budsjett 2024	
010	Fastlønn	kr	5 600 000,00
020	Vikarer	kr	100 000,00
080	Styrehonorar	kr	40 000,00
090	Pensjonskostnad	kr	1 050 000,00
095	Trekkpliktige forsikringsordninger	kr	70 000,00
099	AGA	kr	727 160,00
100	Kontormateriell	kr	100 000,00
110	Aktivitetsrelatert forbruksmat/utstyr/tjenester (herunder konf.leir)	kr	450 000,00
120	Annet forbruksmaterieil	kr	60 000,00
130	Post, bank, telefoni og datalinjer	kr	70 000,00
140	Annonser, reklame, info og representasjon	kr	120 000,00
150	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pliktig)	kr	40 000,00
160			
165	Annen oppg.pliktig, men ikke trekkpl ytelse	kr	17 000,00
170	Køyre godtgjersle	kr	100 000,00
180	Energi	kr	400 000,00
185	Forsikringer	kr	230 000,00
190	Leie av lokaler og grunn	kr	10 000,00
195	Avgifter, gebyrer og lisenser	kr	180 000,00
200	Inventar og utstyr	kr	40 000,00
210	Leie, leasing, kjøp av transportmidler	kr	120 000,00
220	Leie, leasing, kjøp av maskiner	kr	35 000,00
230	Vedlikehold og byggtjenester, nybygg	kr	250 000,00
240	Serviceavtaler og reparasjoner	kr	120 000,00
250	Materialer til vedlikehold	kr	250 000,00
265	Vakthold og vekttertjenester, alarmsystemer	kr	40 000,00
270	Rekneskap og revisjon	kr	250 000,00
350	Refusjon til menighetsråd	kr	80 000,00
370	Refusjon til andre		
429	Mva som gir rett til momskompensasjon	kr	750 000,00
500	Renteutgifter		
510	Avdragsutgifter		
530	Dekning av tidliger års regnskapsm. merforbruk	kr	-
540	Avsetning til disposisjonsfond		
550	Avsetninger til bundne fond		
570	Overføring til investeringsrekneskap	kr	30 000,00
580	Regnskapsmessig overskudd		
590	Avskrivninger	kr	400 000,00
Sum			11 729 160

Inntekter		
600	Brukerbetaling ved kirkelige tjenester	kr 50 000,00
610	Betaling fra deltakere (konfirmantar)	kr 75 000,00
620	Sal av varer og tjenester utenom avg.omr (konf.leir)	kr 150 000,00
630	Husleieinnt/utleie av lokale/festavgift	kr 1 200 000,00
650	Avgiftspliktig salg av varer og tjenester (Gravstell)	kr 400 000,00
710	Sjukelønnsrefusjonar/refusjoner/tilskot frå NAV	kr 436 000,00
728	Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet	
729	Kompensasjon mva påløpt i driftsregnskapet	kr 750 000,00
800	Tilskudd fra staten/statlige institusjoner	kr 1 750 000,00
830	Tilskudd fra kommune/komm institusjoner	kr 6 376 000,00
850	Tilskudd fra menighetsråd	kr 20 000,00
870	Tilskudd/gaver fra andre, kyrkjeblad	kr 150 000,00
900	Renteinntekter	kr 20 000,00
950	Bruk av bundne fond	
930	Bruk av udisponert frå tidl år	
980	Regnskapsmessig underskudd	
990	Motpost avskrivninger	kr 400 000,00
Sum		11 777 000
	Overskot	47 840

Del B	Investeringsbudsjett 2024		
Utgifter			
200	Namna minnelund Øystese	kr	2 500 000,00
430	Nytt tak Strandebarm kyrkje	kr	7 500 000,00
520-529	Klp-eigenkapital	kr	30 000,00
550	Avsetninger til bundne fond		
580	Regnskapsmessig overskudd		
Sum		kr	10 030 000,00

Inntekter			
870	Tilskudd/gaver fra andre		
970	Tilskot Riksantikvar	kr	1 500 000,00
980	Kvam herad	kr	8 500 000,00
	Bruk av udisponert frå tidl år	kr	30 000,00
950	Bruk av bundne fond		
Sum		kr	10 030 000,00

04/24 Vedlikehaldsplan 2024

Samrøystes vedtak: Prioritert vedlikehaldsplan for 2024 vert vedteken slik den ligg føre.

1.	Løpar til Øystese kyrkje	40 000,-
2.	Kjøp av ny plenraktor	100 000,-
3.	Prosjektor Norheimsund kyrkje	50 000,- (delfinansiert av soknerådet)
4.	Skifte til LED-lampar flomljøs, alle kyrkjer som ikkje har dette	150 000,-
5.	Skifte av golv i Strandebarm kyrkjelydshus	75 000,-
6.	Reparasjon av orgel, Strandebarm kyrkje	150 000,-
7.	Nytt gjerde rundt gravplass Strandebarm	50 000,-

05/24 Terminering av permisjonsavtale

Samrøystes vedtak: Monica Skogvoll sin permisjonsavtale vert terminert frå årsskiftet, og ho får høve til å gå attende til sin stilling som 40% kyrkjetenar i Strandebarm sokn frå 1.1.2024.

Monica Skogvoll har i skrivande stund permisjon frå sin stilling som kyrkjetenar i Strandebarm. Permisjonen går fram til 30.09.2024, og er ulønna. I midlertid har Monica gjeve uttrykk for at ho ynskjer koma attende tidlegare, av ulike årsaker.

Fellesrådet har ikkje tilsett nokon i Monica sin stilling, men har løyst oppgåvene gjennom å omfordela oppgåver på eksisterande stillingar. Slik sett skulle permisjonen vera ein innsparing. Det må likevel seiast at det har blitt leigd inn ein del vikar på kyrkjetenarfronten som i sum tilsvarar om lag ein 40%-stilling. Det har vist seg vanskeleg å få kabalen til å gå opp utan.

Kyrkjevevjen meiner difor at det er uproblematisk at Monica kjem attende før tida, ettersom det i praksis ikkje har vore nokon innsparing. Me helsar ho velkomen attende!

06/24 Kyrkjetenarstilling i Ålvik

Samrøystes vedtak: Stillinga som kyrkjetenar i Ålvik vert søkt løyst gjennom å kjøpa tenester til gravstell frå Kunststell, samt at reinhald og øvrige kyrkjetenaroppgåver vert utført av pensjonist Aud Aga på timebasis.

Kyrkjetenar Sylvi Elvatun har sagt opp sin stilling frå årsskiftet 2023/24. Ho har vore ein god og trugen arbeidar, og fellesrådet takkar hjarteleg for innsatsen!

Kyrkjetenararbeidet i Ålvik har tradisjonelt vore ei 30% stilling. Arbeidet har vore knytt til reinhald, førebuing og etterarbeid for kyrkjelege tenester, samt gravstell. Det siste er etter kvart eit betydeleg arbeid: med 40 graver som skal stellast, vatnast og lukast til ei kvar tid, er det mange timar på kne og olbogar.

I samråd med soknerådet i Ålvik har kyrkjevevje landa på å føreslå fylgjande: gravstellbiten av kyrkjetenarstillinga vert sett bort til Kunststell ved Hildegunn Strømme, som me allereie kjøper tenesta av i Vikøy og Øystese, og resten av arbeidet med å vera kyrkjetenar i Ålvik vert leigt inn frå pensjonist Aud Aga. Ho har lang fartstid i soknerådet, og har god kjennskap til både kyrkjebygget og tenester.

07/24 Val av prosjekteringsfirma for Strandebarm kyrkje

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vel H2Hardanger som prosjektleiings-verksemnd for restaurering av Strandebarm kyrkje.

Restaureringa av Strandebarm kyrkje er eit stort prosjekt, der mange millionar skal nyttast til å sikra uerstattelege kulturelle verdiar for framtida. Prosjektet er finansiert av Kvam herad med kr 7,5 mill, og riksantikvaren med 1,5 mill. Søknad til biskop om løyve til å gjennomføra prosjektet er sendt, likeeins har det blitt etablert kontakt med riksantikvaren med tanke på smidig dialog og konstruktivt samarbeid undervegs.

Kyrkjevevjen har ingen som helst anledning til å leia eit slikt prosjekt åleine, verken tidsmessig eller kompetansemessig. Difor har eg bede tre ulike verksemnder om pris på prosjektleiing og utarbeiding av anbodspapir for entreprenør. Ved anbodsopning på desse tenestene kl 12.30 i dag, 10. jan.2024, låg det føre to tilbod:

- H2 Hardanger
- ABO-plan & arkitektur

Tilboda er gjeve i form av ein timepris på tenester. Dette er vanleg ved slike prosjekt, der det nesten er umogleg å rekna totalpris for arbeidet for prosjektleiing. Kvam herad sine dyktige byggjeleiarar har vore inne og rådgjeve kyrkjevevjen i dette. Tilbodet er unnateke offentleggjering. Men timepris åleine

er ikkje det einaste kriterie for tildeling av dette oppdraget, også erfaring, historikk, kompetanse, responstid og referanse skal telja med.

Ut frå ei samla vurdering av alle kriterie, tilrår kyrkjeverje at oppdraget for prosjektleiing og utarbeiding av anbodspapir vert gjeve til H2Hardanger. Deira tilbod var klart best på alle kriteria.

Val av entreprenør for sjølve restaureringsarbeidet vert gjort av Kvam kyrkjelege fellestråd i neste omgang, når tilbodet på dette er innhenta.

08/24 Val av strategi og prosess for utlysing av kyrkjeverje-stilling i Kvam

Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellestråd godkjenner at tidlegare kyrkjeverje Hans Soldal, leiar i fellestrådet Margun Mikkelsen Tordal, nestleiar i fellestrådet Astrid Helleve Fylkesnes og kantor Sevinj Asgarova Øvrehus utgjer intervju- og innstillingsutval for tilsetjinga av ny kyrkjeverje i Kvam.

Fellestrådet i plenum tilset kyrkjeverje når innstilling føreligg.

I ljøs av vår krevjande økonomiske stilling vert kyrkjeverje beden om å halda kostnadane med utlysing på eit forsvarleg og rimeleg nivå, men likevel med tanke på å nå breiast mogeleg ut. .

Kyrkjeverjen har i dag ein midlertidig arbeidsavtale som strekkjer seg fram til 30.06.2024. Innan den tid er det ynskjeleg at ny kyrkjeverje er på plass. Det er difor maktpåliggjande å koma i gang med denne rekrutteringsprosessen snøggast råd. Det er viktig at prosessen vert ryddig og transparent handsama, utan habilitetsproblematikk. Difor er tidlegare kyrkjeverje Hans Soldal føreslegen som ekstern rådgjevar i dette arbeidet.

Det er også naturleg at fellestrådet seier noko om kor langt og vidt ein skal søkja etter ny kyrkjeverje. Det er ikkje vanskeleg å bruka store summar på dette, via ulike plattformer. NAV, Vårt Land, Dagen, lokalpresse, andre nasjonale utlysingsforum. Det er mange aktørar der ute som fallbyr sine tenester inn mot ein slik utlysingsprosess. Målet vårt må vera å finna flest mogeleg eigna og gode kandidatar, utan å svi av for store summar på dette.